
Fra: Arnhild Kannelønning
Sendt: mandag 16. desember 2019 08:31
Til: Thomas G. Fosse
Kopi: styret@meland-musikklag.no; Sissel Fløysand
Emne: SV: PÅMINNING RAPPORTERING: 19/13602 Tildeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019

Hei,

Takk for tilbakemelding. Då alle midlane ikkje er nytta, ber me om at de sender ein e-post der de omsøker midlane til andre tiltak i høve det generelle formålet i opprinneleg søknad. Fint om de kan spesifisera bruk av midlar for planane skildra under.

Med venleg helsing

Arnhild Kannelønning
Kulturkonsulent
Tlf: 56 17 10 65 / 10 00 Mob: 975 15 928
E-post: arnhild.kannelonning@meland.kommune.no



Fra: Thomas G. Fosse <tgfo@bkkfiber.no>
Sendt: torsdag 12. desember 2019 13:41
Til: Arnhild Kannelønning <arnhild.kannelonning@meland.kommune.no>
Kopi: styret@meland-musikklag.no; Sissel Fløysand <sisselfloysand@gmail.com>
Emne: Re: PÅMINNING RAPPORTERING: 19/13602 Tildeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019

Hei igjen,

Beklager at vi har missa fristen for innrapportering den 15. November. 2019.

Meland musikklag har nytta tildelte kulturmidler til å kjøpa inn og installera ny kaffemaskin i musikkhallen. Kaffemaskina er tatt ibruk og viser seg å vera svært effektiv for våre arrangement.

Då vi ikkje fekk nok tilskot til asfaltering av uteareal, så har vi ikkje fått starta på dette. Vidare så lyt vi no vente med dette til arbeidet med ny vass og avløpsledning er ferdig utanfor musikkhallen. Dei nye røra frå Holme til Tveit skal leggjast under parkeringsplassen til musikkhallen.

Det kan og nemnast at Musikklaget har kjøpt nabotomta til musikkhallen nyleg. Dette gjer at vi på sikt kan få utvida og oppgradert uteareal og parkeringsplass til det beste for alle som nyttar huset.

Mvh
Thomas G. Fosse
For Husnemda, Meland Musikklag

11. des. 2019 kl. 15:10 skrev Arnhild Kannelønning
<arnhild.kannelonning@meland.kommune.no>:

Hei,

Viser til tidlegare tilsendt skriv *Tildeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019* (vedlagt): Oppgjeven frist for rapportering gjeldande tilskot til forsamlingshus, kulturminnevern og leikeplassar var 15. november 2019. Me kan ikkje sjå å ha motteke rapportering frå dykk. Jmf. pkt. 1 h i *Retningsliner for tildeling av kulturmidlar i Meland kommune* (vedlagt), vil tilskot vil verte kravd tilbakebetalt dersom ikkje grunnlaget for tildelinga lenger er til stades, dei generelle vilkåra er brotne eller tiltaket ikkje har vorte gjennomført.

Me ber dykk senda inn **rapportering snarast og innan onsdag 18.12.2019**, slik at me kan få handsama og ferdigstillta alle sakene før årsskiftet 2019/2020. På førehand takk for hjelpa!

Med venleg helsing

Arnhild Kannelønning
Kulturkonsulent
Tlf: 56 17 10 65 / 10 00 Mob: 975 15 928
E-post: arnhild.kannelonning@meland.kommune.no

<image003.jpg>

<Ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019.pdf>
<Tildeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019.pdf>
<Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar Meland kommune.pdf>